



Saksframlegg

Dato Referanse Saksbehandlar
17.02.2026 26/6640 Ingvild Gjerdset

Saksnr.	Utval	Møtedato
14/26	Kompetanse- og næringsutvalet	17.03.2026

Utviklingsplan for Stordal og Eidsdal

Kompetanse- og næringsutvalet 17.03.2026 - sak 14/26

Behandling

Jens Aklestad (AP) stilte spørsmål om sin habilitet som varaordfører i Fjord kommune.

Aklestad gjekk frå under behandlinga av habiliteten - 10 voterande.

Aklestad blei samrøystes kjent habil - 11 voterande.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 11 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 1, KRF 1, SP 2, UAVH 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Vedtak:

Møre og Romsdal fylkeskommune løyver 750 000 kroner frå dei regionale utviklingsmidlane frå Statsbudsjettet (13.50 Distrikts- og regionalpolitikk, kap 553.65) til Fjord kommune til "Utviklingsplan for Stordal og Eidsdal".

Midlane blir gitt på vilkår om fullfinansiering. Møre og Romsdal fylkeskommune ønskjer å delta i prosessen.

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Møre og Romsdal fylkeskommune løyver 750 000 kroner frå dei regionale utviklingsmidlane frå Statsbudsjettet (13.50 Distrikts- og regionalpolitikk, kap 553.65) til Fjord kommune til “Utviklingsplan for Stordal og Eidsdal”.

Midlane blir gitt på vilkår om fullfinansiering. Møre og Romsdal fylkeskommune ønskjer å delta i prosessen.

Samandrag

Fjord kommune søker om 750 000 kroner til å gjennomføre moglegheitsstudier for Stordal og Eidsdal, som skal bli til utviklingsplanar for dei to stadane. Ein utviklingsplan er ein overordna, strategisk plan som skal ligge til grunn for framtidig utvikling. (Ein slik strategisk plan er ikkje ein plan etter plan- og bygningslova, men bør vedtas politisk.) Kommunen har frå før fått på plass utviklingsplan for Valldal sentrum og gjennomført moglegheitsstudie for Valldal sentrum aust. Utviklingsplan for Stordal og Eidsdal skal kople omstillingsbehov innan kommunal tenesteproduksjon, behov for fleire mindre bueiningar, ønske om fleire møteplassar og attraktiv stadutvikling.

Omsøkt prosjekt for Stordal og Eidsdal er forankra gjennom kommunalt planverk og anna strategisk arbeid i Fjord. Arbeidet er planlagt i samspel med lokale aktørar for å sikre eigarskap og vilje til realisering.

Bakgrunn

Demografiendringar, nedgang i sysselsetting, krevjande tilgang på folk/kompetanse og mangel på eigna bustadar er utfordringar som norske distriktkommunar står i i dag. Fjord kommune ønsker å omstille seg for å kome desse utfordringane i møte. Kommunen ønskjer mellom anna å lokalisere helse- og omsorgstenestene i såkalla «omsorgshubar» i Stordal, Eidsdal og Valldal, og ser utvikling av desse tenestene som ein viktig brikke i utvikling av stadane.

Fjord kommune har dei siste åra jobba med fleire utviklingsprosjekt. Eit av desse er “Tett på” som er eit prosjekt saman med fylkeskommunen, Statsforvaltaren og Distriktssenteret, som blant anna har handla om opplæring i plan av politikarar i distriktkommunar, utvikling av levekårsplan og ei livsløpstrapp for kommunen. Livsløpstrappa i Fjord har fire trinn, der det første trinnet handlar om førebygging og folkehelse. Ein større innsats her vil avlaste ressurskrevjande hjelpebehov lenger opp i trappa. Korleis bustadar, tenestetilbod og

møteplassar er organisert og utforma vil leggje premissane for dette, og Fjord kommune ønskjer difor å nytte stad- og bygdeutvikling strategisk for å styrke det førebyggjande arbeidet.

Eit anna utviklingsprosjekt dei har jobba med dei siste åra, er Prosjekt HUS, som er eit utviklingsprosjekt for å skape bulyst gjennom attraktive bustadar. Prosjektet hatt som mål å finne nye finansieringsmodellar for etablering av bustadar i samarbeid mellom offentlig og privat, kartlegge sentrumsnære areal, etablere systematisk bruk av økonomiske verkemiddel (mellom anna Husbanken), og nytte bustadutvikling som eit strategisk verktøy i stadutviklinga i kommunen.

Kommunen har også over ei lenger periode jobba med tettstadutvikling, og fekk på plass utviklingsplan for Valldal i 2020. Eit direkte resultat av utviklingsplanen vart opninga av Sylteparken og Trebrygga i 2021/22. Dette arbeidet vart gjennomført med rådgjeving og støtte frå Tettstadprogrammet i Møre og Romsdal. I 2025 gjennomførte kommunen moglegheitsstudie for eit delområde i Valldal sentrum aust. Her såg ein på utvikling av kommunen sine tenestetilbod og bygningsmasse i samanheng med nye bustadar, møteplassar og sentrumsutvikling generelt. No ønskjer kommunen å gjennomføre moglegheitsstudier også for Stordal og Eidsdal. Her er også dei kommunale tenestene ein viktig brikke, saman med blant anna tilrettelegging for fleire bueiningar, møteplassar, ombruk av bygningsmasse og ny bruk av næringsareal. Moglegheitsstudiene vil undersøke og vise korleis alt dette kan henge saman, slik at ein kan planlegge og realisere dei enkelte prosjekta slik at dei støttar opp om kvarandre. Eit av måla er at fleire eldre skal kunne vere sjølvstendige lenger og bu tett på tenestene, noko som både vil vere viktig både for den enkelte og for kommunen si framtidige bereevne. Utviklinga av bygdene skal styrke den sosiale berekrafta gjennom sambruk, attraktive møteplassar og levande bygdesentrum og rigge seg for framtidens innbyggjarar.



Illustrasjon: Syltetorget, etablert i 2021 som eit resultat av samarbeid mellom kommune, lokale aktørar og Tettstadprogrammet i Møre og Romsdal.

Kven har vedtakskompetanse i saka?

Kompetanse- og næringsutvalet.

Tilråding frå medverknadsorgan

Medverknadsorgana til fylkeskommunen er ikkje brukt i denne saka. Lokale medverknadsorgan i kommunen vil bli involvert.

Vurdering

Til grunn for søknaden ligg følgjande kostnads- og finansieringsbehov:

Kostnadsplan	2026	SUM
Kjøp av arkitektbistand	1 000 000	1 000 000
Lokalleige	40 000	40 000
Lønsutgifter, prosjektleiing	410 000	410 000
Møter	50 000	50 000
Sum kostnad	1 500 000	1 500 000

Finansieringsplan	2026	SUM
*Tilskot Møre og Romsdal fylkeskommune	750 000	750 000
Eigen finansiering	750 000	750 000
Sum finansiering	1 500 000	1 500 000

Arbeidet skal gjennomførast med innkjøp av arkitektbistand. Kommunen leiar prosessen ved hjelp av prosjektleiarressurs internt i organisasjonen, noko som er verdifullt med tanke på kompetansebygging i eigen organisasjon. Fjord kommune har dessutan erfaring frå tilsvarende arbeid.

Fylkeskommunen ser positivt på at Fjord kommune ønskjer å nytte erfaringar og opparbeidd kunnskap frå tidlegare gjennomførte prosessar som har gitt gode resultat. Kommunen har vist at dei både gjennom langsiktig og strategisk jobbing med tettstadutvikling i samarbeid med lokalt næringsliv og frivilligheit har lukkast i å realisere gode prosjekt tidlegare: Samarbeid, spleis og dugnad for sentrumsutvikling – Distriktssenteret (lenke til artikkel på Distriktssenteret si heimeside om utviklingsplanen, Syltetorget og Trebrygga). Fjord kommune er eit godt døme for andre distriktskommunar på korleis ein kan kople planlegging, kommunale tenester, bustadutvikling og stadutvikling. Slike eksempel trengst i ei tid der ressursane er knappe, og ein

må leite etter grep som løyser fleire oppgåver og når fleire mål samtidig. Det vil vere i fylkeskommunen si interesse å bidra til at forbildeprosjekt og nybrottsarbeid blir gjennomført, då dei har stor overføringsverdi for andre kommunar.

Grundig arbeid i tidleg fase gir betre resultat seinare i prosessen, men krev ekstra innsats i starten. Fylkeskommunen erfarer at mange kommunar ikkje prioriterer denne type utviklingsarbeid når ein har knappe ressursar. Resultatet blir ofte at heilskapen glepp, og ein går glipp av synergiane.

Arbeidet svarar ut fleire av måla i fylkesplanen, blant andre: *“Møre og Romsdal skal ha trygge og tilgjengelege lokalsamfunn som fremmer god folkehelse, og som har gode og tilstrekkelege helsetenester til alle”* og *“Møre og Romsdal skal ha inkluderande og trygge byar og tettstader med særpreg, gode bomiljø og offentlege møteplassar, godt kultur- og tenestetilbod og miljøvennleg transport”*. Fylkeskommunen rår kommunane (både gjennom rettleiing og i fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader) til å utarbeide moglegheitsstudier mv. som grunnlag for reguleringsplanarbeid, noko dette prosjektet svarar konkret på. Støtte frå fylkeskommunen vil vere utløysande for prosjektet.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Denne saka viser korleis fylkeskommunedirektøren kan støtte systematisk og kunnskapsbasert stadutvikling i ein distriktskommune ved hjelp av dei statlege regionale utviklingsmidlane, og med fagleg støtte og rådgjeving frå fylkeskommunen gjennom prosessen.

Relevante planar og målsettingar i våre sentrale planverk (Regional planstrategi, fylkesplan)

Prosjektet svarar på fylkesplanmål (Langsiktig utviklingsmål 3): *“Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og inkluderande fylke der folk vel å bu”*. Prosjektet har relevans for fylkesstrategi for klima og miljø, fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader, fylkesstrategi for samferdsel, fylkesstrategi for kultur, frivillig sektor og arenaer.

Klima og miljø

Tiltaket vil kunne ha positive konsekvensar for klima og miljø ved at funksjonar blir samla og ein kan unngå ein del transport. Dette er imidlertid ikkje talfesta, og er ikkje eit hovudmål for arbeidet. Ombruk av eksisterende bygningsmasse vil bli vurdert. Ny organisering av bygningsmasse og uterom vil måtte svare på krav til teknisk forskrift med tanke på blant anna handtering av overflatevatn.

Folkehelse

Utviklingsplanen har som ambisjon å bidra til styrking av den sosiale berekrafta gjennom å leggje til rette for møteplassar og ein bebyggelsesstruktur som gjer den enkelte i stand til å meistre kvardagen sin heime lenger, samt å styrke attraktiviteten til Stordal og Eidsdal som stadar for å bu, jobbe og leve gode liv.

Konklusjon

Fylkeskommunedirektøren rår til at Fjord kommune får løyvd omsøkt tilskot til å gjennomføre moglegheitsstudier som blir til utviklingsplanar for Stordal og Eidsdal.

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør

Vedlegg

Vurderingsskjema

Søknad mulegheitsstudie